



Øyvind Myhr
Fagervollen 29
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2348 - 18/22750

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
13.07.2018

Vedkomande asfaltering av kommunalt grøfteareal ved gbnr 56/121 Fagervollen

Teknisk drift ser at kommunal veggrøft har blitt asfaltert igjen under arbeid med asfaltering av private avkjørsler i Fagervollen. Asfaltering av grøft medfører at overvatn frå kommunal veg og i frå private avkjørsler ikkje lenger kan ledes til grøft og ned i terreng. Overvatn vert i stedet ført nedover langs kommunal veg og inn på privat grunn lenger nede.

Slik vi ser det vil asfaltering av grøft medføre til aukt overvassproblem for både kommunen og private lenger nede langs kommunevegen. Det er spesielt ved høg nedbørsintensitet (vinterhalvåret) at store mengder overvatn vert ført inn på privat grunn.

Teknisk drift ber om at kommunal veggrøft vert tilbakeført til den stand den var før asfalteringsarbeid vart utført. Teknisk drift vil, inntil grøft er tilbakeført, fråskrive seg alt ansvar for skader som overvatnet påfører tredjepart. Ansvar for slike skader vil vere Dykkar ansvar.

Vi gjer merksam på at det ikkje er lagt ned dreneringsrøyr under avkjørsle slik det er krav om når avkjørsle fører over kommunal veggrøft. Vi har også registrert at asfaltkant i avkjørsle mot kommunevegen er noko høg. Dette betyr at asfaltkanten kan verte skada under brøyting av veg. Kommunen tek ikkje ansvar for slike brøyteskader då private avkjørsler ikkje skal leggast høgare enn vegkanten til offentleg veg.

Det er med heimel i Veglova § 57 at Teknisk drift krev tilbakeføring av kommunal veggrøft. Krav til geometrisk utforming av avkjørsle er heimla i Veglova § 43, forskrift av 1964 «om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler fra offentleg veg», samt vegnormal N100.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Vedlegg:

Kommunal veggrøft Fagervollen

Mottakarar:

Øyvind Myhr

Fagervollen 29

5956

HUNDVIN